

ÅRSMØTE STÅRHEIM SKI/SKISKYTING

Dato:	Måndag 7. mars 2016
Tidspunkt:	Kl 18.00 – 19.45
Stad:	Fram, Stårheim
Tilstades:	Nils Magne, May Kristin, Eli Merete, Brit-Mari, Svein Lasse, Sissel, Siri-Ann, Heidi og Monica

Sak1: Innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak2: Val av møteleiar og referent

Nils Magne Nedreberg vart valt til møteleiar, og Monica Mundal som referent.

Sissel Myrold og Siri-Ann Haughovd vart valt til å skrive under referatet.

Sak3: Årsmelding

Møteleiar gjekk gjennom framlagt årsmelding, og årsmøtet godkjente meldinga.

Sak4: Rekneskap 2015

Møteleiar gjekk gjennom rekneskapen for 2015 der laget gjekk med eit overskot på kr 8.170.

Årsmøtet godkjente rekneskapen.

Sak5: Budsjett 2016

Møteleiar gjekk gjennom framlagt budsjett for 2016, og årsmøtet godkjente budsjettet.

Sak6: Val av styremedlemmar

Årsmøtet godkjente følgjande styresamansetning;

Leiar Nils Magne Nedreberg, gjenval fram til 2018

Brit-Mari Smørdal Botn, gjenval fram til 2018

Svein Lasse Bødal, gjenval fram til 2018

Monica Mundal, gjenval fram til 2017

Eli Merete Melheim, ikkje på val (på val i 2017)

May Kristin Sæther, ikkje på val (på val i 2017)

Ivar Myrold, ikkje på val (på val i 2017)

Sak7: Status på skyttarhuset på Harpefossen

Skiskyttarhuset er nesten ferdigstilt, men vi manglar møblement som vi håpar å kunne arve. Det er teke opp 1,2 mill kr i lån og pr i dag nærmar vi oss utgifter på 1 mill kr. Prognosa er at samla kostnader vil kome opp i rundt 1,2 mill kr.

Spelemiddelsøknadane er sendt via Harpefossen Skisenter. Vi får utbetalt om lag kr 330.000 i spelemidlar i 2016, og dei to øvrige spelemiddelsøknadane (totalt ca kr 550.000) vil kome til utbetaling seinare (truleg 2017/18).


Sak8: Nye planar/prosjekt

Årsmøtet godkjenner at styret skal arbeide vidare med å få idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for snøproduksjon og rulleskibane. Det må jobbast for å finne ein god trase for rulleskibana.


Årsmøtet godkjenner vidare planar:

- Det vert skiskytingsdag (aktivitetsdag) i lag med Haugen IL langrenn onsdag 16. mars.
- For å finansiere skiskyttarhuset så har vi behov for å auke inntektene. Styret vil difor sjå nærare på å arrangere flakedans på Harpefossen seinsommaren 2016.
- Lagsmeisterskap vert arrangert skjærtorsdag.
- Dugnadsfesten vert utsatt til skiskyttarhuset er ferdig møblert.

Stårheim, 7. mars 2016



Sissel Myrøhl



Siri-Ann Haughovd